



Arkivnr: 2016/4130-13

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdall

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		03.11.2016
Fylkesutvalet		16.11.2016
Fylkestinget		07.03.2017

Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg**Samandrag**

Fylkestinget gjorde 4. oktober 2016 følgjande vedtak i politisk sak (Arkivsak 2016/4130-8) *Rullering av skulebruksplanen 2017-2030*:

- Den vedtekte samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskolen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs. Rådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vgs vert tilpassa dette.
- Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.

Fylkesrådmannen ser føre seg ei gjennomføring av vedtaket etter ein overordna og tentativ tidsplan som vist i tabellen under:

Tid	Kva
Haut 2017	Omstillingsarbeidet på Laksevåg startar. Omstillingsutval for MK og ST vert etablert. Siste inntak ST og MK.
Haut 2018	ST og MK er avvikla. Elevane på Vg3 får garantert fullføring ved ein annan skule. Oppstart programmeringsarbeid ny skule. Etablering av programmeringsgrupper.
Haut 2019	Siste inntak til dei andre tilboda på Laksevåg. Omstillingsutval vert etablert.
Haut 2020	All aktivitet på Laksevåg vgs er avvikla. Start byggearbeid.
Haut 2022	Siste inntak Bergen Maritime vgs.
Vår 2023	Fagskolen i Hordaland flyttar ut av lokala i Haugeveien, Margaretastredet og Nedre Nygård. Bergen Maritime vgs flyttar ut av lokala på Nedre Nygård.
Haut 2023	Opning av det nye skuleanlegget på Laksevåg.

Laksevåg vil vere ei svært god plassering for ein samla fagskule og ein vidaregåande skule med maritimt og petroleumteknisk fagtilbod. Med samling av all fagskuleaktivitet i Bergen blir dette ein av dei største fagskulane saman med eit attraktivt yrkesfagleg vgs-tilbod i nærmiljøet. Dette vil representere eit løft for bydelen som vil kunne gi mange positive ringverknader.

Å inkludere fagskule i investeringsplanen vil skyve på andre investeringar med om lag eitt år. Netto investering til nytt skuleanlegg på Laksevåg er rekna til om lag 350 mill. kroner.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek premissane i fylkesrådmannen sitt saksframlegg til vitande.
2. Fylkestinget ber Fylkesrådmannen setje i verk vedtaket frå 04.10.16 i samsvar med gjennomføringsplanen presentert i dette saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.10.2016

4. oktober 2016 gjorde fylkestinget følgjande vedtak i politisk sak (Arkivsak 2016/4130-8) *Rullering av skulebruksplanen 2017-2030*:

- *Den vedtekte samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskulen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs. Rådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vgs vert tilpassa dette.*
- *Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.*

I denne saka vil fylkesrådmannen gjere greie for korleis ein kan gjennomføre dette vedtaket med tanke på handtering av dei eksisterande tilboda og tidsplan for gjennomføring.

Laksevåg vil vere ei svært god plassering for ein samla fagskule og ein vidaregåande skule med maritimt og petroleumteknisk fagtilbod. Det er kort avstand til Bergen sentrum, og plasseringa er god i høve til offentleg transport. Nærleiken til sjøen er gunstig og gir ei god ramme for maritime utdanningstilbod. Dette vil og vere ein styrke for vidareutviklinga av fagskuletilbod innan havbruk. Laksevåg vgs har difor ei gunstig plassering for maritime fag. I nærområdet er det og viktige offentlege og private maritime aktørar som mellom anna Sjøkrigsskolen, Falck Nutec og Det norske Veritas.

Med samling av all fagskuleaktivitet i Bergen blir dette ein av dei største fagskulane saman med eit attraktivt yrkesfagleg vgs-tilbod i nærmiljøet. Dette vil representere eit løft for bydelen som vil kunne gi mange positive ringverknader.

Fagskule

Fagskule som skuleslag

Fagskuleutdanningar er korte, yrkesretta utdanningar på minimum 30 til 120 fagskulepoeng.

Fagskuleutdanningar er på tertiært nivå, det vil seie på nivået over vidaregåande utdanning, og sidestilt med anna høgare utdanning i utdanningssystemet. Fagskuleutdanningane ved Fagskolane i Hordaland byggjer i hovudsak på fagbrev eller realkompetanse som opptaksgrunnlag. Fagskular er regulert i høve til fagskulelova og ikkje opplæringslova. Vidare er det *Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen* (NOKUT) som har tilsynsansvar med fagskular og som godkjenner studieplanar. Etter fagskulelova har fylkeskommunane ansvar for at det vert tilbydd fagskuleutdanning i høve til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov i fylket.

I følgje KD sin [Tilstandsrapport for fagskoler 2015](#) er om lag halvparten av fagskulestudentane i Norge i alderen 21 til 30 år, 22 % er mellom 36 og 50 år, og 10 % er 20 år eller yngre. Aldersmedianen for fagskulestudentane er 28 år. Innan tekniske fag, som er dominerande ved Fagskolane i Hordaland, er den største delen av studentane i Norge mellom 36 og 50 år.

Fagskolane i Hordaland består i dag av tre fagskular; Bergen tekniske fagskole på Nordnes, Bergen maritime fagskole på Nedre Nygård og Hordaland helsefagskole i Fusa. Dei tre fagskulane har studiestader fleire stader i Hordaland. Bergen tekniske fagskole har studiestad både i Ulvik, på Voss og på Stord. Bergen maritime fagskole har studiestad i Austevoll. Hordaland helsefagskole har 9 godkjende studiestader der det kan opprettast tilbod etter behov, men per i dag er det berre tilbod i Bergen (lagt til Bergen tekniske Fagskole som studiestad). Fagskolane i Hordaland har eitt felles styre – Hordaland fagskulestyre, som er øvste styringsorgan for dei tre fagskulane. Styret har sju medlemmar, der fem av medlemmane representerer eigar, éin er representant for tilsette og éin er representant for studentane.

Dei to fagskulane Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole har følgjande fagskuletilbod og tilbodsstruktur:

Bergen tekniske fagskole				
Stad	Utdanningstilbod	2016		
		Haust		
		Tal studentar	Tal klassar	
Nordnes	Automatisering (H)	42	2	
	Automatisering (N)	68	3	
	Bygg (H)	55	2	
	Bygg (N)	81	3	
	Elkraft (H)	64	2	
	Elkraft (N)	113	3	
	KEM / tak og fasade	5	1	
	KEM (N)	72	3	
	Maskinteknikk (H)	60	2	
	Maskinteknikk (N)	48	2	
	Maskinteknikk m/ISO-fag (N)	22	1	
	Prosess (N)	60	3	
	Hjeltnes	Arboristfagutdanning	12	1
	Stord	Automatisering (H)	6	1
Elkraft (H)		14	1	
Voss	Anlegg (H)	20	1	
	Anlegg (N)	19	1	
Sum		761	32	

Bergen maritime fagskole			
Stad	Utdanningstilbod	2016	
		Haust	
		Tal studentar	Tal klassar
Nedre Nygård	Dekksoffiser	55	2
	Maskinoffiser	58	2
	Boring	100	4
	Havbunnsteknologi	37	2
Austevoll	Dekksoffiser	56	2
Sum		306	12

Vinteren 2014 vart det lagt fram ein NOU om fagskulen (NOU 2014: 14), og i haust vil det verte lagt fram ei stortingsmelding om fagskulen med oppfølging av NOU-en. Stortingsmeldinga vil mellom anna avgjere om dei offentlege fagskulane framleis skal vere eigd av fylkeskommunane, eller om eigarskapet skal verte lagt til staten. Kunnskapsdepartementet har signalisert at dei hellar mot framleis fylkeskommunal eigarskap, noko som også kan sjåast i samanheng med regionreforma. Vidare er det gjeve signal om at det vil kome krav om at fagskulane skal ha ei tydeleg definert leiding ved fagskulen, noko som stiller nye krav til dei skulane som i dag er kombinert fagskule og vidaregåande skule med deling i høve til leiinga. Bakgrunnen for dette er å sørge for at leiinga av fagskulen har høg nok ressurs til å ivareta kvalitet i utdanningane og oppfølging av lovpålagde krav.

Fagskulen som skuleslag er i vekst, og det er signalisert både frå sentrale styresmakter og næringslivsorganisasjonar at det er behov for enda fleire fagskulekandidatar no og i framtida. Det vil derfor vere viktig at eit bygg for den nye Fagskolen i Hordaland gjev rom for å auke kapasiteten på sikt. Dagens finansiering av fagskulane med rammeoverføring frå staten gjev ikkje rom for vekst i fagskuletilbodet, men dette vil gjerne endre seg når finansieringa vert lagt til staten som varsla i samband med den komande stortingsmeldinga om fagskulane.

Samlokalisering av fagskule og vgs

Sidan skulebruksplanen i 2013 har det vore arbeid for å styrke og reindyrke fagskulen som eit eige skuleslag og utdanningsnivå. Det har vore arbeid i fleire omgangar med å finne høveleg lokasjon for fagskulen i eige bygg, fyrst i Haugeveien 28 på Nordnes og deretter på Nedre Nygård, jamfør vedtak i Fylkestinget 13. oktober 2015 i sak PS 64/2015. Samlokalisering i Haugeveien 28 vart ikkje mogleg å

realisere av di det ikkje var plass til både Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole utan svært store kostnader til utbygging.

Som nemnt er det venta at det vil bli sett strengare krav til å skilje leiinga av ein fagskule og ein vidaregåande skule i framtida. I tillegg er det svært viktig å skilje på kostnader til både administrasjon og bygg/utstyr for at dette skal verte riktig ført i høve til KOSTRA-tal. Vidare må det vere tydeleg og skilt økonomi med tanke på at fagskulestyret skal ha naudsynt oversikt og råderett over eigne utgifter og investeringar. Gevinstar i høve til sambruk av lokale og utstyr er mindre enn ein gjerne ser føre seg. Årsaka til dette er at mykje av utstyret på fagskulenivå krev kompetanse på eit høgare nivå enn det læremåla er lagt opp til på vidaregåande nivå. Det vil vere meir aktuelt for fagskulen å nytte noko av utstyret som høyrer til ein vidaregåande skule. Samtidig vil det vere naudsynt å dimensjonere eventuelt felles utstyr til 30 studentar i staden for 15. Klassane ved fagskulane er større enn klassane på yrkesfag i vidaregåande skule. I Bergen er klassane stort sett på 30 studentar, men nett-tilboda kan nokre gongar ha 40 studentar. Dersom ein planlegg for felles utstyr der det er mogleg, må ein såleis dimensjonere for større klassar enn på vidaregåande, og ein må også sørge for at kapasiteten i høve til tidsbruk er tilstrekkeleg, slik at begge skuleslaga får naudsynt med tildelt tid i lokala.

Rekruttering til fagskulen

Dei tekniske og maritime fagskulane rekrutterer studentar frå heile landet, og Hordaland er det fylket som har flest søkjarar frå andre fylke i høve til dei offentlege fagskulane. Ved opptaket våren 2016 var om lag 34 % av søkjarane til Bergen maritime fagskole frå andre fylke, medan om lag 32 % av søkjarane til Bergen tekniske fagskole var frå andre fylke. Av søkjarane frå andre fylke rekrutterer begge fagskulane flest studentar frå Rogaland og Sogn og Fjordane. Bergen tekniske fagskole rekrutterer også godt frå Møre og Romsdal.

Ein gjennomgang av dei studentane som går maritime fag på fagskulen inneverande skuleår, og som har vidaregåande utdanning frå Hordaland, syner at Bergen maritime fagskole har rekruttert om lag like mange studentar frå eigen vidaregåande skule som frå andre vidaregåande skular i Hordaland. Ved studiestaden Austevoll er det større del av studentane som har gått på vidaregåande skule på Austevoll enn ved andre skular i Hordaland.

Føresetnader for gjennomføring av vedtaket

Laksevåg vidaregåande skole har i skuleåret 2016/17 dette fagtilbodet og elevtalet:

SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar
	AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
Laksevåg vgs		53	79		68					79	124	73				250	726

I tillegg har skulen kursverksemd og lærlingskule.

Bergen Maritime vidaregåande skole har i skuleåret 2016/17 dette fagtilbodet og elevtalet:

SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar
	AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
Bergen maritime vgs					119					151							270

Fylkesrådmannen tilrådde nedlegging av skulen og at dei maritime og petroleumstekniske programområda vart vidareført ved Laksevåg vgs.

Fylkestinget sitt vedtak 04.10.16 seier at Bergen maritime vgs skal flyttast til Laksevåg vgs, og fylkesrådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vgs vert tilpassa dette.

Fylkesrådmannen si tilråding alt. 2 inneber ei nedlegging av det studieførebuande tilbodet med denne dimensjoneringa for Laksevåg vgs:

SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar
	AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
Laksevåg vgs		60	105		45					120							330

Fylkesrådmannen legg til grunn at gjennomføringa av dette vedtaket ikkje skal bidra til ein auke i totaldimensjoneringa innan yrkesfaga. Dette tilseier at det ordinære yrkesfaglege tilbodet på den framtidige skulen på Laksevåg skal ha ei dimensjonering på om lag 270 elevar når aktiviteten på Nedre Nygård er flytta. Vidare forstår fylkesrådmannen vedtaket slik at det ligg ein klar føresetnad om at det framtidige vidaregåande tilbodet på Laksevåg skal innehalde programfagtilbod innan maritime og petroleumstekniske programområde under utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon (TIP). Vidare ser ein Bygg- og anleggsteknikk (BA) og elektrofag (EL) som andre aktuelle utdanningsprogram lagt til skulen i samsvar med fylkesrådmannen si tilråding alt. 2.

I fylkesrådmannen si tilråding til skulebruksplan låg det ein reduksjon i den planlagde overkapasiteten innan yrkesfaga i Bergen. Slik behova i næringslivet ser ut no, vart denne reduksjonen i hovudsak teken gjennom reduksjon i utdanningsprogramma EL og TIP, medan det for utdanningsprogrammet BA vart lagt inn ein liten auke i den totale dimensjoneringa.

For å kunne gjennomføre ei flytting av fagskulen og i tillegg å byggje opp eit nytt vidaregåande tilbod trengst det ei omfattande rehabilitering av eksisterande bygg på Laksevåg vgs. I tillegg må arealet utvidast med eit nybygg. Byggeperioden vil ta 2-3 år. For å gjennomføre dette arbeidet tids- og kostnadseffektivt kan det ikkje vere undervisningsaktivitet i bygge- og rehabiliteringsperioden.

Endeleg dimensjonering og kva utdanningsprogram og programområde som skal leggst til skulen, må sjåast i samheng med det totale yrkesfaglege tilbodet i Bergen. Med tanke på at det vil ta fleire år fram til realisering, ser fylkesrådmannen det som mest tenleg at innrettinga av det yrkesfaglege undervisningstilbodet vert detaljert i programmeringsfasen av skulen innanfor ramma av den totaldimensjoneringa og dei utdanningsprogramma som ligg i alt. 2 og føresetnaden om maritime og petroleumstekniske programområde. Kapasiteten som no er innan tilrettelagt opplæring (TO) på Laksevåg, og som ligg inne i alt. 2, må erstattast permanent med tilsvarande omfang andre stader når byggeperioden startar. I programmeringsarbeidet må ein difor vurdere i kva grad ein skal inkludere TOtilbod ved den nye skulen på Laksevåg.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at gjennomføring av fylkestinget sitt vedtak vil innehalde følgjande hovudpunkt:

- Avvikling av den eksisterande aktiviteten på Laksevåg vgs
- Rehabilitering og nybygg på Laksevåg.
- Fysisk samling og flytting av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg
- Flytting av utdanningsprogram frå Nedre Nygård til Laksevåg
- Sal av bygningar på Nedre Nygård
- Fagskulen og Bergen Maritime vgs vil oppretthalde sin eksisterande aktivitet i noverande lokale til lokala i Laksevåg er klar til innflytting

Vidare legg fylkesrådmannen følgjande føresetnader til grunn:

- Ei endring i eigarskapen til fagskulane vil endre grunnlaget for prosjektet; det vil seie dersom fagskulane vert statlege i framtida og ikkje fylkeskommunale. Dette vert truleg avgjort av Stortinget innan utgangen av 2017.
- Det kan ikkje vere aktivitet i lokala på Laksevåg under byggeperioden. Skulen må vere heilt tømt før arbeidet startar.

- ST og MK vert avvikla våren før Bergen Katedralskole har full kapasitet. Elevar på Vg3 ST får garanti om plass på Bergen Katedralskole. MK vert overført til Amalie Skram vgs eller Nordahl Grieg vgs. Det må vurderast om TO-tilbodet innan ST og MK vert flytta samstundes.
- Yrkesfaga, TO, PB, lærlingskule og kursverksemd vert avvikla våren før Nye Åsane vgs vert opna. Kapasiteten innan BA vert auka tilnærma tilsvarande på Åsane vgs. Dette betyr at på BA vil kapasiteten truleg vere tilstrekkeleg i byggeperioden, men det kan vere grunn til å byggje opp kapasiteten på lengre sikt.
- BMV og fagskulen held fram med noverande aktivitet i eksisterande lokale fram til Laksevåg er rehabilitert og det er bygd nytt.
- Eventuelle forseinkingar ved Nye Åsane vgs og Bergen katedralskole vil forseinke fullføring av prosjektet på Laksevåg.

Investering - Naudsynt areal

Investering Laksevåg

Prinsipp for utrekninga

Kostnadstal frå investeringsplanen i skulebruksplanen er nytta.

- Nybygg 42.000 kr/m² inkl. mva
- Totalrehabilitering 30.000 kr/m² inkl. mva
- Delvis rehabilitering 20.000 kr/m² inkl. mva

Det er i utrekninga under teke omsyn til at A-bygget skal totalrehabiliterast. B-bygget må delvis rehabiliterast. Nybygg er inkludert, slik at totalt areal skal vere det same som Bergen maritime vgs og fagskole og Bergen tekniske fagskole har samla i dag.

Arealoversikt:

- Bergen maritime vgs og fagskole har 7849 m² eigde lokale og 2369 m² leigde lokale
- Laksevåg vgs har 5362 m² + 8370 m² eigde lokalar (A- + B-bygg)
- Bergen tekniske fagskole har 5931 m² + 1850 m² (Haugeveien + Margaretastredet)

Dersom ein legg til grunn at arealbehovet er uendra, vil samla arealtrong for ein samla Bergen maritime vgs og fagskole og Bergen tekniske fagskole vere ca 18.000 m² (summen av det dei nyttar i dag). Tilgjengeleg areal på Laksevåg vgs er ca 13.700 m². Det manglar difor 4.300 m². I sum er dei to tomtene på Laksevåg meir enn 23 mål, og det er realistisk å få plass til nybygg på 4.300 m². Nybygget kan eventuelt løysast med ein ekstra etasje på deler av B-bygget.

Investeringskostnad

- | | |
|---------------------------|----------------|
| • Rehab. Laksevåg A-bygg | + 160 mill. kr |
| • Rehab. Laksevåg B-bygg | + 160 mill. kr |
| • Nybygg Laksevåg | + 180 mill. kr |
| • <u>Sal Nedre Nygård</u> | - 150 mill. kr |
| • <u>Sum</u> | = 350 mill. kr |

Det er viktig å peike på at alle tal som er presentert, er grove overslag.

Lokalisering av fagskulen på Laksevåg vil gje ei netto innsparing på 60 mill. kroner i høve til ei lokalisering på Nedre Nygård. Fylkesrådmannen gjer merksam på at kostnadene til fagskule på Nedre Nygård ikkje var tatt med i investeringsplanen som vart lagt fram for politisk handsaming i Fylkestinget 4. oktober 2016.

Revidert investeringsplan SBP 2017-2030

I investeringsplanen fylkesrådmannen la fram for politisk handsaming i Fylkestinget 4. oktober 2016, var ikkje kostnadene til fagskule på Laksevåg tatt med. Denne endringa er etter prinsippa over rekna til ein netto investeringskostnad på 350 mill. kroner med rehabilitering og nybygg.

Vedtaket frå same fylkesting inneber at denne investeringa må inkluderast i investeringsplanen for skulebruksplanen fram mot 2030. Dette vil skyve på andre investeringar. Konsekvensen er at prosjekta planlagt i Nordhordland, Arna, Sotra og Kvam vert skyvd ut i tid med om lag eit år. I tillegg inneber det endringar i investeringsplanen med tanke på at det vert bygd nytt og gjennomført rehabilitering på Laksevåg samstundes med at bygget på Nedre Nygård vert selt.

Revideringa av investeringsplanen er gjort med det same årlege investeringsnivået som låg til grunn under handsaming av Skulebruksplanen (om lag 500 mill. kroner). Sjå vedlegg (Revidert investeringsplan SBP 2017-2030).

Gjennomføring / tidsplan

Med grunnlag i dei føresetnadene som er gjort greie for i avsnitta over, ser fylkesrådmannen føre seg ei gjennomføring av vedtaket etter ein overordna og tentativ tidsplan som vist i tabellen under:

Tid	Kva
Haust 2017	Omstillingsarbeidet på Laksevåg startar. Omstillingsutval for MK og ST vert etablert. Siste inntak ST og MK.
Haust 2018	ST og MK er avvikla. Vg3 får garantert fullføring ved ein annan skule. Oppstart programmeringsarbeid ny skule. Etablering av programmeringsgrupper.
Haust 2019	Siste inntak til dei andre tilboda på Laksevåg. Omstillingsutval vert etablert.
Haust 2020	All aktivitet på Laksevåg vgs er avvikla. Start byggearbeid.
Haust 2022	Siste inntak Bergen maritime vgs.
Vår 2023	Fagskolen i Hordaland flyttar ut av lokala i Haugeveien, Margaretastredet og Nedre Nygård. Bergen maritime vgs flyttar ut av lokala på Nedre Nygård.
Haust 2023	Opning av det nye skuleanlegget på Laksevåg.

Personalhandtering

Vedtaket vil først og fremst ha konsekvensar for tilsette på Laksevåg vgs. Det vil også kunne bli konsekvensar for tilsette ved Bergen maritime vgs, men dette vil i større grad gjere seg gjeldande på litt lenger sikt. For fagskulen sin del vil gjennomføring av dette vedtaket i seg sjølv ha liten eller ingen konsekvens slik det ser ut på noverande tidspunkt.

Studiespesialiserande utdanningsprogram (ST)

Gjennomføringsplanen som er lagt fram, inneber at siste inntak til Vg1 og Vg2 studiespesialiserande utdanningsprogram ved Laksevåg vgs vil vere hausten 2017. Studiespesialiserande ved Laksevåg vgs vert avvikla våren 2018. Elevane ved Vg1 studieførebuande utdanningsprogram ved Laksevåg vgs søker opptak ved andre aktuelle vidaregåande skular som tilbyr studieførebuande utdanningsprogram hausten 2018. Fyllingsdalen vgs er blant skulane som har kapasitet til å ta imot fleire elevar, og skulen vil trenge fleire tilsette om elevtalet aukar.

Elevane ved studiespesialiserande Vg2 ved Laksevåg vgs vert overført til Bergen katedralskole, slik at dei kan fullføre sine begynte programfag i Vg3 der. Bergen katedralskole aukar kapasiteten frå hausten 2018. Veksten i elevtalet ved Bergen katedralskole fører til behov for fleire tilsette. Tilsette ved Laksevåg vgs som vert overtalige som følgje av nedlegginga av studiespesialiserande avdeling og overføringa av elevar til Bergen katedralskole, får tilbod om ledige stillingar dei er kvalifiserte for ved Bergen katedralskole. Overtalige som ikkje får plass ved Bergen katedralskole, vert handsama i tråd med HFK sin rutine *Handsaming av overtalssaker*. Hordaland fylkeskommune lyser ikkje ut ledige stillingar så lenge det finst overtalige tilsette med kompetansen ein treng.

Medium og kommunikasjon (MK)

Elevane på MK ved Laksevåg vgs vert hausten 2018 overført til Amalie Skram vgs eller Nordahl Grieg vgs, der dei får fullført utdanningsløpet. Dette kan utløyse auka behov for fleire lærarar innan MK ved Amalie Skram vgs/Nordahl Grieg vgs.

Personalbehov ved Laksevåg vgs frå hausten 2018

Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, tilrettelagt opplæring (med mogleg atterhald for TO-tilbodet på ST og MK), påbygg, undervisning av lærlingar og kursverksemd vil halde fram ved Laksevåg vgs til og med våren 2020. For dei ordinære utdanningsprogramma heng dette saman med planlagt opning av Nye Åsane vgs, som inneber ein auke i innan BA, EL og TIP, som er dei programma Laksevåg vgs har i dag. Ei utsetting av dette prosjektet gir ei tilsvarande utsetting av avviklinga av det yrkesfaglege tilbodet på Laksevåg. Det er per i dag usikkert i kva grad og kvar desse tilboda blir vidareført. Det er derfor for tidleg å seie noko om dei personalmessige konsekvensane av avviklinga av all undervisning ved Laksevåg vgs i byggeperioden, bortsett frå at alle dei tilsette ved Laksevåg vgs vil bli handtert i tråd med rettane dei har som tilsette i HFK. Når det gjeld tilbodet innan TO, vil dette truleg krevje ein tilsvarande auke på nærliggande skular i Bergen Vest og Bergen Sentrum frå 2020. Det blir sett ned eit omstillingsutval ved Laksevåg vgs til prosessen med å gjennomføre vedtaket.

Namn på dei nye skulane

Den nye fagskulen skal frå 01.01.17 heite *Fagskolen i Hordaland*.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at den vidaregåande skulen har stadnamnet Laksevåg i seg. Å vidareføre namnet Laksevåg vgs er difor ei god løysing.

Fylkesrådmannen tilrår at ein brukar Laksevåg vgs i tida fram mot realisering av dei to skulane på Laksevåg, men er open for at namnet på den vidaregåande skulen kan bli lagt fram for politisk handsaming i prosessen fram mot realisering av det nye skuleanlegget på Laksevåg.

Vedlegg

- Revidert investeringsplan - SBP 2017-2030
- Personal – omstilling